

Årsplan 2011 - 2012

Nyland Barnehage



Time kommune



Innleiing og kvalitetssatsing

Barnehagane i Time kommune arbeidar med utgangspunkt i Lov om barnehagar og forskrift om rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver.

Barnehagane i Time skal skape kultur for og grunnlag for livslang læring. Rammeplanen for barnehagen pålegg alle barnehagar å laga ein årsplan og som visar korleis rammeplanen og barnehagelova skal følgjast opp, dokumenterast og vurderast. Denne planen skal gi informasjon om korleis barnehagen vil arbeide med omsorg, oppdraging, leik og læring.

TIME KOMMUNE - TRYGG OG FRAMTIDSRETTA

Kommunen skal vera prega av:

Ansvar
Engasjement
Gjensidig respekt
Optimisme

Innleiing og kvalitetssatsing	3
Visjon og mål for pedagogisk arbeid	4
Dagleglivet i barnehagen.....	6
Pedagogisk grunnsyn	6
Fysisk miljø og nærmiljø	6
Organisering i barnehagen	7
Medverknad.....	7
Barnemedverknad	7
Foreldremedverknad	8
Fagområda	10
Pedagogisk årshjul.....	11
Samarbeidspartnarar	12
Fokusområde - Langtidsplan	12
Administrativt årshjul	13

Visjon og mål for pedagogisk arbeid

Nyland sin visjon:

Lyst på livet og evne til å meistre det.

For å nå visjonen har vi satt opp følgjande mål for dette barnehageåret:

- Barn, foreldre og personale skal ha medverknad.
- Barna skal ha individuelt tilpassa utfordringar.
- Barnehagen skal vera ein lærande organisasjon.
- Barn og foreldre skal føle seg trygge i barnehagen gjennom samarbeid og forståing.
- Vi skal sjå og forstå barn tidleg.
- Barna skal ha eit omsorgs- og læringsmiljø som fremjar trivsel, livsglede og meistring.
- Dei vaksne arbeidar med gruppeleiing.
- Dei vaksne skal lære barna om bærekraftig utvikling, geocaching og andre land i verda.

For å nå vår visjon stiller vi følgjande krav til måten vi vaksne arbeider på:

- Vi organiserar og planleggjar slik at barn og foreldre får tid og rom for medverknad.
- Vi skal aktivt lytte, støtte og utfordre barn ut frå deira føresetnadar.
- Vi er i stadig endring og utvikling som læringsarena for barn og vaksne. I møtet er vi tydelege og trygge på eigen kompetanse.
- Vi er ein kulturmøtestad for alle barn og foreldre i barnehagen. Vi lagar gode treffstader for dei gjennom foreldrekaffi, Sirkus Nyland, FN markering og julefest.
- Vi skal aktivt arbeide med omsorg og læring. Personalet skal i samspel med barna medverke til at barna utviklar si individualitet. Sjølvheving skal skje trygt innanfor fellesskapets normer og reglar. Vi har system for å sjå og forstå.
- Vi setter oss inn i og held oss oppdaterte i nytt fagstoff. Dette året skal vi arbeide med Kvello modellen, tidleg innsats. Vi skal gå på kurs og nytte det vi lærer til å verta betre til å tidleg hjelpe barn/foreldre.
- Vi er autoritative vaksne som nyttar ros og oppmuntring effektivt. Vi er gode teamarbeidarar som likar å arbeide i læringsløyfer.
- **Geocaching** er naturoppleving, skattejakt og teknologi. Dei vaksne skal saman med barna lære seg bruk av GPS. Ved hjelp av GPS skal vi finne og lage "turbokser" rundt omkring i nærmiljøet. Målet er at kvar gruppe går mist to løyper kvart halvår i tillegg til å lage ei eiga løype på våren.
- **"Ein smak av verden"**. Kvar månad skal alle gruppene "besøke" eit anna land. Vi skal lage mat, finne faktastoff og dekke eit festbord slik dei dekker det i nettopp det landet. Vi tek utgangspunkt i mellom anna land barn i barnehagen kjem frå og land barn/vaksne besøker.
- **Bærekraftig utvikling, med fokus på miljø.** "Tenke globalt, handle lokalt". Vi skal ha miljømøtar kvar månad, følgje opp viktige miljøprosjekt som mellom anna vindmølleparken på høgjæren og vibå som ordføraren er ambassadør for. Vi kjem til å nytte ulike nettsider som blekkulf, miljøagentane, FN, direktoratet for naturforvaltning, LOOP retursamarbeidet i prosjektet. I tillegg skal vi nytte naturen i formingsaktivitetar (landart).

Visjonen og vår arbeidsmåte er knytta til formelle og uformelle lærings situasjonar i vårt pedagogiske arbeid. Vi er aktive i forhold til barna sine læringsprosessar. Personalet som rollemodellar delar av sin kunnskap, engasjement og oppfinnsemd. Læring og omsorg skal vera prega av kvalitet i samspel mellom barn og vaksen.

I barnehagen er vi ein lærande organisasjon som brukar kvalitetskryss, læringssirkel og Levitts diamant i arbeid med planar, refleksjonar og vurderingar. Gjennom kunnskap om barns utvikling individuelt og i gruppe skal vi ha fokus på handling. Vi ser på utviklingsarbeid som ein kollektiv basert læringsprosess.


Kvalitetskrysset.

Vi nyttar kvalitetskrysset ved evaluering og refleksjon.

Kva er bra?	Kvifor?
Kva kan verta betre?	Korleis?


Læringssirkelen.

All læring er basert på læringssirkelen. Fokus på handling.



Levitts diamant

For å vera ein lærande organisasjon nyttar vi modellen til Levitts. For å få ein varig positiv endring må vi trykke på alle faktorane samtidig som vi tek omsyn til omgjevnadane. Fyrst då skapar ein varig endring av åtferd.



Daglelivet i barnehagen

Pedagogisk grunnsyn

Barnehagen skal støtta og ta omsyn til kvart enkelt barn, samstundes som vi skal ta omsyn til fellesskapet. Vi trur på eit heilskapleg læringssyn. Det betyr at barn si utvikling er eit dynamisk og tett samanvevd samspel mellom deira fysiske og mentale føresetnadar og miljøet dei veks opp i. (Jfr rammeplanen kap. 1.3.)

Fysisk miljø og nærmiljø

Vi har eit fysisk miljø ute og inne som fremjar leik og varierte aktivitetar for alle. Barnehagen er laga slik at ein lett kan variere bruken av utstyr og rom tilpassa aktiviteten. Det er lagt stor vekt på fleksible rom, god lydemping og spanande utemiljø. Bygga er bygd etter prinsippet universell utforming - bygg for alle.

Barna i barnehagen oppheld seg mykje ute. Alle barna på liten base har minst ein turdag i veka, medan dei på stor base har minst to turdagar kvar veke. Vi har eigen buss og nyttar ei hytte i Njåskogen som vi leiger av Jæren skoglag. Barnehagen ynskjer å styrke kunnskapen om og tilknytninga til Bryne/Jæren gjennom å utforska og bruka nærmiljøet.

Organisering i barnehagen

Barna vert delt inn etter alder og modning i temabaserte aktivitetar. I tema tek vi utgangspunkt i det pedagogiske årshjulet. For å tilpassa aktivitetane til barna i barnehagen, arbeider barnehagen for inneverande år med ein progresjonsplan. Planen tek utgangspunkt i rammeplanen og nyare forskning.

Leik i barnehagen.



Vi måler høghuset vårt.



Landart, forming ute.



Kjekt å klatre i tre.



Tur til sjøen.



Matte !

Vekeplan for barna:

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
STOR BASE				
Tema/grupper: Raud gruppe	Tema/grupper: Grønn gruppe og gul gruppe	Tema/grupper: Raud gruppe og gul gruppe	Tema/grupper: Grønn gruppe og gul gruppe	Tema/grupper: Raud gruppe og grøn gruppe
Tur: Gul og grøn gruppe	Tur: Raud gruppe	Tur: Grøn gruppe	Tur: Raud gruppe	Tur: Gul gruppe
LITEN BASE				
Alle på liten base har minst ein turdag i veka.				
Omsorg, leik og læring er ein sentral del av barnehagen sitt daglege innhald. I tillegg legg vi stor vekt på sosial og språkleg kompetanse samt dei sju fagområda. (Jfr barnehagen sitt samfunnsmandat)				

Tilsette:

Blå gruppe 1 og 2 år.	Asle Espeland - ped.leiar Else Berit Opsanger - hjelpeleiar ????
Orange gruppe 1 og 2 år	Beate K.Kvia - ped.leiar Anne Bjorland - hjelpeleiar Monica Herigstad - barne og ungd.arb.
Gul gruppe 3 år	Grete Kallestad - ped.leiar Borghild Orre - assistent (3 dagar i veka) Monica Thu - assistent (3 dagar i veka)
Grøn gruppe 4 år	Marianne Olsen - ped.leiar Elin Serigstad - ped.leiar Gerd Kyllingstad - fagarbeidar Hanna Kjøllesdal - ped.leiar / sosionom Siri Merete Eike - hjelpeleiar
Raud gruppe 5 år	Torill Holm - ped.leiar Eli Hadland - barne og ungd.arb.
Forsterka	Solveig Kvarme - spesial ped. Gerd Kyllingstad - barne og ungd.arb.
Styrrar	Alvhild Bø -
Reinhaldar	Liv Reidun Egge
Vaktmeister	Magnar Bø

Faste møter

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Basemøte Grøn 8.45-9.30	Basemøte Raud 8.45-9.30	Basemøte Gul 8.45-9.30	Leiarteam 9.00-10.00	Fagteam 13.30- 14.00
	Basemøte orange 13.15-14.00	Basemøte Blå 13.15 - 14.00		Fellesmøte liten 12-12.30

Medverknad

Barnemedverknad

MÅL: Barn har rett til å uttrykke seg og påverke alle sider ved sitt liv i barnehagen.

Barn gjev uttrykk kroppsleg og språkleg korleis dei har det. Barna skal takast på alvor når dei gir uttrykk for kjensler. Dei oppmuntrast aktivt til å gje uttrykk for tankar og meiningar, og dei møter anerkjenning for uttrykka sine. For at barna skal kunne medverka legg vi til rette for god kommunikasjon mellom barna og personalet og mellom personalet og foreldra. Barnehagen har system for å samtale med barn.

Barnehagens rutinar organiserast og planleggjast slik at det blir tid og rom for barna til å medverke ut frå alder og modning. Barnehagen har ein trygg og forutsigbar dagsrytme som gjev gode møter mellom barn og vaksne. Barnehagen er i tillegg bevist på bruk av smågrupper for særskilt å kunna møta det enkelte barnet. Barna blir motiverte til å påverke kvardagen i barnehagen.

Barnehagen ser verdien av å skape tid for å lytte og rom for samtalar gjennom dagen. Dette gjeld i møte med foreldra, i stell, ved måltid og i aktivitetar. Vi lærer og ser mykje gjennom barna sin trivsel, interesser, og måten å vera på, i leik og aktivitetar.

Barnehagen legg vekt på at barns medverking er viktig i arbeidet med barnehagens innhaldsområder. Personalet prøver å få tak i barns synspunkt; og det som kjem fram brukar vi som utgangspunkt for evaluering og praksis.

Vi nyttar:

- Barnesamtalar (planlagte og "her og nå")
- Primærgrupper (i aktivitet, måltid, turar m.m.)
- Barna deltek i planlegging av aktivitetar (turar, emne, nissefest, karneval, sirkus m.m.)
- Samlingane i barnehagen blir lagt opp slik at barn skal få medvirke. Eks: barna sett gruppereglar saman med dei vaksne.
- Barnehagen legg vekt på at alle barn skal få medvirke til det dei klarer sjølv. Eks: er å kle seg sjølv, vaske hendene, smørje maten sin, rydde m.m.
- Vi legg til rette for at barn sjølv skal kunne medvirke til val av eigen aktivitet. Eks: leike med togbane, teikne og lese.
- Vi arbeider aktivt med sosial kompetanse slik at barna gjennom ord og handling kan vise kva dei ynskjer.

Vi ser på dette som viktige måtar for barn til å kunne ha medverknad på sin eigen kvardag.

Foreldremedverknad

MÅL: Barnehagen skal gi barn under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetmuligheter i nær forståelse og samarbeid med hjem. (Bhg. lova §1 Formål)

Kva	Del mål.	Gjennomføring	Dokumentasjon	Vurderer
Oppstart samtale.	-Få ein god overgang -Forståing og samarbeid	- Drøfte med foreldra kva dei ønskjer å medverke i, og korleis. - Kva er viktig for det enkelte barn. - Mål for individuell Oppfølging	Barne- mappa. HMS.	Pedagogisk leiar Styrar Verneombod
Bringe og hente situasjonen	- Førståing og samarbeid. - Gjensidig respekt - Openheit og tillit. - Lytte og vise innsikt. - Regelmessig kontakt der ein utvekslar informasjon	- Vi er tilgjengelege og imøtekommande med barn og foreldre i hente og bringesituasjonen. Vi høyrer på foreldre og barn og samarbeider godt. Vi legg vekt på gjensidig tillit. - Registrere barnet.	Foreldre- samtalar HMS	Foreldre Pedagogisk leiar. Styrar Verneombod .
Samarbeids utval (SU)	-Medverknad og innsyn.	- Godkjenne årsplan. - Drøfte høyringar og praktisering av verdigrunnlag. - Info om dagleg drift og økonomi.	Saks- mappe	Samarbeids utvalet
Foreldreråd (AU) Foreldre- møte.	- Reell medverknad - Barnehagen er open for kva foreldra ventar og ynskjer. - Drøfte praktisering av verdigrunnlag.	- Samtale og synspunkt kjem fram. - Gruppearbeid. - Ulike metodar blir nytta. - Lage plan for heim /bhg. samarbeid.	Saks- mapper HMS.	Styrar Verneombod Styrar.
Foreldre- samtalar	- Skape godt grunnlag for tryggleik, utvikling, livslang læring og aktiv deltaking i eit demokratisk samfunn.	- Minst 2 samtalar pr. år. I tillegg ved behov. - Trivsel / utvikling til barnet og den pedagogiske drifta skal drøftas. - Rettleing når det gjeld omsorg og oppdragar oppgaver - Info. om hjelpeinstansar. - Individuell opplæring. - Det skal lagast ein utviklingsplan for barnet. (den skal evaluerast ved kvar samtale). I denne planen samarbeider ein om mål til barnet.	Barne- mapper HMS.	Pedagogisk leiar Personale. Styrar Verneombod .
Anna samarbeid	- Gje tidlig informasjon slik at ein kan medvirke. - Lage treffpunkt for foreldra og barnehagen.	- Via internett - Foreldrekaffi - Julefest, Sirkus Nyland m.m.		AU Styrar Pedagogisk leiar

Fagområda

Rammeplanen held fram 7 fagområde som alle skal vektleggjast i arbeidet med alle barn i barnehagen. Dei 7 områda er:

- Kommunikasjon helse, språk og tekst
- Kropp, rørsle og
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknikk
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn
- Tal, rom og form



Arbeid med land i verda.



Eksperiment.

I Time kommune arbeider vi kontinuerlig med barnas basiskompetanse i forhold til sosial kompetanse, matematikk/eksperimentering, språk og digitale verktøy.

Sosial kompetanse: Barna skal få styrka sine sosiale ferdigheter. Vi nyttar ”steg for steg” og ”Dragehola” systematisk. Personalet arbeider etter ei eiga utarbeida bok i gruppeleing.

Språk: Vi nyttar språkgrupper der ein legg opp aktivitetar for lære barna mest mogleg. I barnehagen blir alle lest for kvar dag, vi nyttar snakkepakken og andre språklei k verktøy. For å styrka kompetansen og observere det enkelt barnet i si språkutvikling nyttar vi Tras og Alle Med.

Matematikk: Vi har mykje utstyr til matematikk i barnehagen. Vi forsøker å flette det mest mogleg inn i dei ulike tema vi har i løpet av året.

Digitale verktøy: Vi nyttar ulike digitale verktøy som smartboard, pc, kamera og gps. Vi legg til rette for at barna skal få prøve ut nye hjelpemiddel, slik at dei etter kvart kan vera uredde og kompetente i bruk av nytt utstyr.

Vekke interessa for realfag:

Vi har faste dagar med fysikk/eksperimentering. Vi skal undre oss og tenke nytt. Opplivinga skal stå i fokus.

Prosjekt dette året:

Bærekraftig utvikling, geocaching og ”ein smak av verda” (sjå side 3.)

Målsettinga for arbeidet med fagområda er at alle barn skal erfare og lære gjennom vektleggjing av fagområda i formelle og uformelle situasjonar i kvardagen. (Sjå kap 2.3 i rammeplanen)

Det vil avhenge av barnas alder, modning og interesser korleis ein arbeidar med fagområda i dei enkelte barnegruppene.

Det er naturleg at det vert vektlagt fleire område i tema og opplegg samtidig. Den vaksne må ha god kunnskap og formidlingsevne for å kunne fletta fagområda inn i barnas leik og kvardagsaktivitetar. Det er svært viktig at barna vert sett og høyrte med sine spørsmål og undringar. Barnas eigne interesser skal vektleggjast for å kunne imøtekomma deira medverknad og motivasjon for å læra. Vår lokale tilknytning og rammer spelar og ei rolle.

Det vert utarbeida ein halvårsplan for kvar barnegruppe som visar korleis ein vil arbeida med fagområda for å sikre det enkelte barn og barnegruppa som heilskap. Dette vert dokumentert i garderoben på oppslagstavla, ”dagen i dag”(for liten base), på heimesida, utviklingsplanar og månadsplanar. Heile barnehagen deltek i dette arbeidet. Det pedagogiske årshjulet viser til tema som kjem til uttrykk gjennom heile året.

Barnehagen har ein progresjonsplan som tek utgangspunkt i rammeplanen. Den vil visa korleis barnehagen over tid, finn progresjon i forhold til kvar aldersgruppe.

Pedagogisk årshjul

Månad	Kva skjer i Kommunen
	Kva skjer i barnehagen
August	Oppstart av nytt bhg år 16.aug Planleggingsdag 15 august 2 åringane startar på stor base saman med personalet frå liten base Oppstartsamalar med nye
	Tema: Bli kjent / sommar - Gruppebilete - Gjennomgang av regler og rutinar -
September	Foreldre møte 01. september.
	Tema: Bli kjent (Vi fortsetter med temaet frå sist mnd.)
Oktober	24.okt.FN Haustferie veke 41 (10-14 oktober)
	Tema. Livsglede /FN/haust
November	Planleggingsdag 18 november Foreldresamtaler
	Tema. Haust
Desember	Jul i barnehagen. - advent - julevandring - nissefest 21. des - lucia 13.des.
	Juleferie 24. t.o.m. 26. des. Tema: Advent / Jul
Januar	Planleggingsdag 2.jan
	Tema: Vinter
Februar	Samane sin nasjonaldag 6. feb. Karneval 15. feb Vinterferie veke 8 (20-24. feb.)
	Tema: Samane/karneval
Mars	1.mars søknadsfrist til barnehage plass/ endring av plassen. Planleggingsdag 19 mars Foreldresamtalar Foreldremøte Påskefest 30. mars
	Tema: Overgang til vår/ Påskeførebuing
April	Påskeferie 04. april -09. april Foreldresamtalar Overføringsamtalar til skulen
	Tema: Vår
Mai	Fri dagar (1. mai, 17. mai og 28. mai) 16. Mini "17 mai" i barnehagen Todlerdag Møte med skulen for 5 åringane
	Tema: Noreg (17 mai)
Juni	14. Sirkus 19. Besøksdag for nye barn Nyland 1 og Nyland 2 slår seg saman i juli og starten av august.
	Tema: Sirkus

Samarbeidspartnarar

Barnehagen samarbeidar med andre tenester og institusjonar for å gi eit best mogleg tilbod til barn og foreldre. Heilskapstenking står sentralt.

Våre samarbeidspartnarar:

PPT	Pedagogisk psykologisk teneste. PPT kjem nokre dagar i løpet av året for å gje råd og rettleiing til personalet og foreldre. Det er både enkeltsaker og spørsmål som gjeld barnegruppa. Før vi samarbeider om enkeltsaker bli det henta inn samtykke frå foresatte.
Ressursteam	Tverrfagleg team som består av helsesyster, barnevern, PPT og barnehagen. Ressursteamet arbeider med å hjelpe barn som treng litt ekstra hjelp. Foreldra har møterett i dette møtet. Det blir innhenta samtykke frå forsette før enkeltsaker blir diskutert.
Skulen	Vi samarbeidar med skulane om overgang bhg. - skule. (Samarbeid etter eigen plan.)
Andre bhg.	Vi arbeidar tett i nettverk med barnehagar.
Andre	Barnehagen er øvingsbarnehage for Universitetet. I tillegg tar vi imot elever frå vidaregåande skular. Barnehagen har tett samarbeid andre linje tenestene (eks Barne og ungdom psykiatrisk og Østerlide) Barnehagen samarbeidar med lokalsamfunnet.

I tillegg samarbeidar vi med dei ulike tenestemråda på rådhuset.

Fokusområde - Langtidsplan

Denne planen tek utgangspunkt i strategiplanen for oppvekst. Planen byggjer på kommunal planlegging av barnehagesektoren og barnas oppvekstmiljø.

	Haust 11	Vår 12	Haust 12	Vår 13	Haust 13	Vår 14
Natur, miljø og teknikk	Geocaching Bærekraftig utvikling.	Geocaching Bærekraftig utvikling.	Geocaching Bærekraftig utvikling.	Geocaching Bærekraftig utvikling.		
IKT	Småkurs	Småkurs	Småkurs	Småkurs	Småkurs	Småkurs
Ped.l. rolla	Kurs for nye ped.l.	Kurs for nye ped.l. Foreldresamt.	Kurs for nye ped.ll	Kurs for nye ped.l. Foreldresamt.	Kurs for nye ped.l.	Kurs for nye ped.l. Foreldresamt.
Plan.dagar Implementering av ny rammeplan	Barn som pårørende av foreldre med rus, psykisk...	Barn som pårørende av foreldre med rus, psykisk...	Barn i landskap	Tema ut frå rammeplanen	Tema ut frå rammeplanen	Tema ut frå rammeplanen
Samarbeid	Møter/kurs m.m. på tvers av barnehagane, skulane og nettverka.	Møter/kurs m.m. på tvers av barnehagane, skulane og nettverka.	Møter/kurs m.m. på tvers av barnehagane, skulane og nettverka.	Møter/kurs m.m. på tvers av barnehagane, skulane og nettverka.	Møter/kurs m.m. på tvers av barnehagane, skulane og nettverka.	Møter/kurs m.m. på tvers av barnehagane, skulane og nettverka.
Forsterka personale	* fagdag * nettverk	* fagdag * nettverk				
Rørse	Todlerdag	Todlerdag	Todlerdag	Todlerdag	Todlerdag	Todlerdag
Samarbeid Skule- barnehage Bhg- Bhg Overflytting internt	Fokus på samarbeid etter plan	Fokus på samarbeid etter plan	Fokus på samarbeid etter plan	Fokus på samarbeid etter plan	Fokus på samarbeid etter plan	Fokus på samarbeid etter plan
Tidleg innsats	Øyvind Kvello	Øyvind Kvello				
Språk	Kurs: Alle med og Tras	Kurs: Alle med og Tras	Kurs: Alle med og Tras	Kurs: Alle med og Tras	Kurs: Alle med og Tras	Kurs: Alle med og Tras

Administrativt årshjul

Månad	For alle i kommunen Kva skjer i barnehagen
August	Oppstart/tillvenning Nytt personale Planleggingsdag 15. august Ferie for personalet Foreldremøte m/ valg av SU medlemmer Gjennomgang av HMS
September	Oppdatering av ferielister/restferie Gjennomgang av HMS og organisering
Oktober	Foreldresamtaler Oppfølging av nytilsette Møte samarbeid bhg - skule SU møte
November	Sakkyndig tilråding Samarbeid bhg - skule Planleggingsdag 18. november Brannøving Juleferie
Desember	Søke enkeltvedtak HMS - revisjon og systemkontroll Ferie for personalet
Januar	Planleggingsdag 2. januar Evaluering / planarbeid Nytt budsjett Medarbeidersamtale Tilsettingar
Februar	1. februar - søknadsfrist for permisjonar og reduserte stillingar Vedtak om enkeltvedtak/søknad om ekstra ressursar Medarbeidersamtale Lister over barn til neste år Vinterferie
Mars	Opptak av nye barn HMS - kartlegging Planarbeid
April	Sommarferie - lister til barn og personale Foreldremøte Planarbeid Påskeferie
Mai	Planleggingsdag 14. mai Vernerunde og HMS arbeid Planarbeid
Juni	Planleggingsdag 3. juni Årsplan Årsmelding Lister over barn og voksne
Juli	Sommarferie

Fast:

Personale	Kontor
- Personalmøte	- Lønn
- Leiarmøte/fagteam	- Regnskap
- Rettleiing	- Arkiv
- Nettverk	- Post
- Arbeidsgrupper (på rådhuset)	- Handling
- Samarbeid med andre skular og barnehagar	- Planar, skriv og høyringar
- Ressursteam	- Diverse
- Medbestemmingsmøte	- Opptak
- Organisasjonsutvikling	

Nyland barnehage
Kvålevegen 2 og 6, 4340 Bryne
Tlf styrar 51 77 95 00. stor base 51 77 95 02 og liten base 51 77 95 03
e-post: Nyland@time.kommune.no
www.minbarnehage.no/nyland

Time kommune
P.b.38, 4349 Bryne
tlf 51 77 60 00
fax 51 48 15 00
e-post: postmottak@time.kommune.no
www.time.kommune.no

